
Fra: Tor Hegle
Sendt: 17. februar 2014 17:33
Til: 'Tor-Inge Baldersheim'
Kopi: Arnold Matre; Siril Sylta; Inger Opheim Hindenes; heinefy@hotmail.com
Emne: SV: G nr 214, b nr 64 Litlevågsbrotet 9, 5913, Eikangervåg

Hei.


Eg takkar for førespurnaden din, og viser til denne. Sjå nedanfor.

Om kommuneplan.

Eg forstår deg slik at din klient har beden deg om hjelp til å forstå konsekvensane av gjeldande kommuneplan.

Gjeldande kommuneplan vart vedteke av kommunestyret i 22.09.2011. Kommuneplan finn du her: <http://braplan.geoweb.no/braplan/planInnsyn.jsp>.

Planid: 1263-200815. Utsnitt i gjeldande kommuneplan. Gbnr 214/64.



Som du ser er planføreålet sett i kommuneplan.

Om regulering.

Gjeld førespurnaden korleis ein kan endre planføreål i kommuneplan (frå fritidsbustad til heilårsbustad), - eller - om eventuell igangsetting av regulering i området, ber eg deg ta kontakt med plan- og utviklingssjefen vår. Arnold Matre.

Kopi av denne eposten vert sendt til han til orientering.

Om utbygging på staden.

Når det gjeld om det byggeforbod på eigedomen, er eg usikker på dette.

Tiltakshavar/grunneigar har førebels ikkje presentert aktuelle byggeplanar. Etablering av nokre byggetiltak er avgrensa av kva det er rom for i kommuneplan, - om det er gjort avgrensingar i kva det er plass til på eigedomen i samsvar med gjeldande byggeløyve, - eller som følgje av topografi, tomtegrenser, arronderingar, vegframføringar m.m.

Når det gjeld avgrensingane i kommuneplan rår eg til at du gjer deg kjent med denne, både når det gjeld plankartet og når det gjeld føresegnene.

Når det gjeld om det er avgrensingar i gjeldande byggeløyve, reknar eg med at din klient har denne tilgjengeleg.

Eg viser til tidlegare samtalar med din klient, der eg har forstått at hans byggeplanar muleg er tinga av flytting av felles veg.

Både tiltak på eigedomen og flytting av felles veg er søknadspliktig tiltak – og vert ramma av kommuneplanen. Om det vert naudsynt er det tiltakshavar som vurderer om han vil søkje om dispensasjon frå plankava. Slik dispensasjon følgjer vanleg regelverk med eigen grunngjeving m.m. Vert utbyggingsplanane for omfattande, vil eg tilrå regulering. Utanom dette ligg delar av eigdommen i strandsona.

Ligg det føre byggeplanar, ber eg deg ta kontakt med konstituert fagleiar på byggesak, jurist Siril Sylta, for ein eventuell førehandskonferanse.

Kopi av denne eposten vert sendt til henne til orientering.

Om arkivmateriale på eigedomen.

Du ynskjer tilsendt alt arkivmateriale på eigedomen. Vi held på å skifte kontorstøttesystem for tida, slik at arkivsituasjonen vår no er noko turbulent.

Som følgje av ressursituasjonen på kontoret vårt, er du velkomen til å kome hit for å sjå mappa og velje ut kva du vil ha kopi av.

Kopi av denne eposten vert sendt sekretariatet vårt til orientering.

Kopi av denne eposten vert sendt din klient til orientering om vår korrespondanse.



Med helsing
Tor Hegle, Einingsleiar
Areal- og miljøeininga, Lindås kommune.

Vurdér verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: postmottak@lindas.kommune.no. Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.

Fra: Tor-Inge Baldersheim [<mailto:TIB@trolltinden.no>]

Sendt: 17. februar 2014 12:20

Til: Tor Hegle

Kopi: heinefy@hotmail.com

Emne: G nr 214, b nr 64 Litlevågsbrotet 9, 5913, Eikangervåg

Hei.

Heine Fyllingsnes har kontaktet meg i forbindelse med at ovennevnte eiendom ikke er endret til boligformål i kommuneplanens arealdel.

Han har videre fått opplyst at det er byggeforbud på eiendommen.

Den kommunale behandlingen av denne eiendommen har vært alltid vært like lett å forstå og det kan synes om det kan være behov for å ta et møte for å diskutere en omregulering til boligformål samt fjerning av eventuelle restriksjoner på eiendommen.

Før et slikt møte vil jeg sette pris på om du kan sende meg det som måtte eksistere av saksdokumenter på eiendommen for så vidt gjelder arealplaner og restriksjoner på eiendommen.

Med vennlig hilsen

Tor-Inge Baldersheim
ADVOKAT MNA

Øvre Kråkenes 17, 5152 Bønes
Telefon + 47 55 22 02 23
Mobil +47 90 11 92 47
Telefax +47 55 52 02 07
Org nr 997 791 258 mva
Sak nr: 733/14480



Innholdet i denne epost er underlagt taushetsplikt. Dersom du ikke er rett mottaker av denne e – post, ber jeg om at du orienterer meg samt at du bekrefter at e-posten, sammen med eventuelle vedlegg, slettes.

Notice of confidentiality.

The information contained in this e-mail is intended solely for the use of the addressee and it is sent in the strictest confidence. The e-mail may contain privileged information. If the recipient has received this e-mail in error, please observe its confidentiality, immediately advise the sender and delete the e-mail, including any attachments from your computer and computer systems.

This e-mail has been scanned by [comendo.com](https://www.comendo.com) and does not contain virus.
